



**BETALINGSSATSAR FOR OMSORGSTENESTER,
OMSORGSBUSTADAR OG ANDRE TENESTER I
STRANDA KOMMUNE**

2022

Kommunestyret skal vedta betalingssatsar for varer og tenester for kommunale omsorgstenester i og utanfor institusjon. Betalingssatsane vert regulert ein gong i året. Betaling for opphald i sjukeheim mv. blir fastsett og berekna med heimel i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova) og i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Beløpet blir fastsett av kommunen på grunnlag av bebuarane sine inntekter. Dette er fastsett i [helse- og omsorgstjenesteloven](#) § 11-2 og i [forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#).

Omsorgsteneste som kommunen kan ta betaling for er praktisk bistand eller heimehjelp i heimen. Praktisk bistand/hjelp i heimen omfattar reingjering i heimen, snømoking og tryggleiksalarm. Matombringning etter vedtak i helse- og omsorgstenesteloven blir rekna som praktisk bistand. Kommunen kan sjølv fastsette reglar for eigenandel og betalingssatsar av praktisk bistand/hjelp i heimen. Jfr. i [forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#).

Heimesjukepleie er ei gratis teneste.

Lovheimlar som gjeld helse og omsorgstenester til innbyggjarane:

Helse- og omsorgstjenesteloven (hol.)

§ 3-1. Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-2. Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester, nr. 6

§ 3-5. Kommunens ansvar for øyeblikkelig hjelp

Pasient- og brukerrettighetsloven (pasrl.)

§ 2-1 a. Rett til nødvendig hjelp fra kommunens helse- og omsorgstjeneste

Forvaltningsloven (fvl.)

Dersom tryggleiksalarm eller matombringning blir tildelt utover behovet for tenester etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2, nr. 6 og lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a, vert disse tildelt med heimel i forvaltningslova.

Heimelsgrunnlag for brukerbetaling:

Helse- og omsorgstjenesteloven

§ 11-2. Vederlag for helse- og omsorgstjeneste

For hjelp frå kommunen si helse- og omsorgsteneste, herunder privat verksemd som driv etter avtale med kommunen, kan kommunen krevje vederlag av pasient og bruker når dette følgjer av lov eller forskrift.

Departementet kan i forskrift gi nærmare bestemmelsar om vederlag for helse- og omsorgstenester.

Forskrift til lov om sosiale tenester m.v.

Kapittel 8. Vederlag for sosiale tenester og for opphold i institusjon mv. - sosialtjenesteloven § 11-2 og kommunehelsetjenesteloven § 2-3 femte ledd.

Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester

Kapittel 1. Eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv. (§§ 1 - 7)

Kapittel 2. Eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester utenfor institusjon (§§ 8 - 10)

§ 8. Kommunens adgang til å fastsette eigenandel og betalingssatser for praktisk bistand og Opplæring

Kommunen kan sjølv fastsetje reglar for betaling av eigenandel og betalingssatsar for praktisk bistand og opplæring etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b, herunder for brukarstyrt personleg assistanse som ikkje er til personleg stell og eigenomsorg. Med personleg stell og eigenomsorg meina ein hjelp til å stå opp og legge seg, personleg hygiene, toalettbesøk, hjelp til å kle av og på seg, hjelp til å ete, nødvendig tilsyn og tilsvarande grunnleggande behov.

Eigenandel kan berre bli kravd av den som mottek tenesta. Dersom det vert ytt teneste i heimen på grunn av eit mindreårig barn sitt hjelpebehov, skal dette forståast som at hjelpa vert ytt til forelder.

§ 10. Samlet inntektsgradert utgiftstak for praktiske bistand og opplæring

Når kommunen bestemmer den maksimale eigenandelen ein person skal betale pr. år for tenester som nemnt i § 8 skal betalinga bereknast på grunnlag av husstanden si samla skattbare nettoinntekt før særfrådrag. Siste tilgjengelege skattelikning pr. 1. januar i det aktuelle året skal leggjast til grunn med mindre inntekta er vesentleg endra. Til inntekta skal det også leggjast til hjelpestønad frå folketrygda til hjelp i huset, medan omsorgslønn etter helse- og omsorgstenestelova § 3-6 skal trekkjast frå inntektsgrunnlaget.

Praktisk hjelp i heimen:

Kommunen er pålagt å tilby praktisk hjelp til pasientar og brukarar, jf. lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1 a. Betaling er regulert av forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester kap. 2.

Betaling skal reknast utifrå husstanden si samla skattbare nettoinntekt før særfrådrag, samt eventuell hjelpestønad, jf. forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstenester § 10. (Husstand er ektefelle/samboar + evt. barn under 18 år).

- Dersom husstanden har inntekt under 2 G, skal den samla eigenandelen for tenester som nemnt i § 8 ikkje overstige eit utgiftstak på minstesats som vert fastsett statleg kvart år og offentleggjort i desember.

- For husstandar med inntekt over 2 G kan kommunen sjølv fastsetje reglar for betaling og betalingssatsar.

- Vederlaget må ikkje overstige sjølvkost for tenesta eller vere så høg at tenestemottakar ikkje har nok til å dekkje sine personlege behov eller bere sitt ansvar som forsørgjar.

Presisering om maks eigenandel (også kalla minstesats):

Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstjenester § 10 5.ledd: *Kommunen skal minst årlig oppdatere egenandelsvedtaket ut fra nye opplysninger i likning og ny G.*

Kvart år får kommunen melding fra staten om endring i fribeløp og eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Endringane vil gjelde frå 1.januar.

Tryggleiksalarm og matombringning:

Tryggleiksalarm og matombringning er i utgangspunktet ikkje ei lovpålagt teneste, og er ofte tildelt som praktisk bistand. Dersom tryggleiksalarm og matombringning vert tildelt utover behovet for tenester etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2, nr. 6 og lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a, vert tenesta tildelt med heimel i forvaltningslova. Kommunen fastsett då eigenandelen sjølv, men med sjølvkostutgifter som eit øvre tak.

Dagsenter og transport:

Dagsentertilbodet er ei førebyggjande teneste. Opphald i dagsenter og transport til og frå dagsenter bør samla sett ha ein rimeleg pris. Prisen for opphald i dagsenter for 2022 er sett til kr 139,- dette er for maten som vert servert.

For transport til og frå vert det ein eigenandel på kr 28,- pr. veg.

Korttids- og langtidsopphald i institusjon og dag- og nattopphald:

Eigenandel for korttidsopphald, dag/natt opphald og fribeløp ved langtidsopphald i institusjon vert fastsett statleg kvart år og offentleggjort i desember.

Eigenandelen pr døgn for korttidsopphald inntil 60 døgn er i 2021 kr.175,-. Satsen blir endra sentralt i desember.

Betaling for praktisk bistand/hjelp i heimen:

1G = kr 106.399,-

Grunnbeløp gjeldande frå 01.05.21

G	Nettoinntekt Utifrå siste kjente likning	Abonnement per mnd
Inntil 2G	0 – 212.798	Satsen blir fastsett av staten i desember 2021. For 2021 var satsen: kr 210,-
2G – 3G	212.798 – 319.197	kr 1 035,-
3G – 4G	319.197 – 425.596	kr 1 727,-
4G – 5G	425.596 – 531.995	kr 2 581,-
Over 5 G	Over 531.995	Kr 3 414,-

Dersom abonnementet vert høgare enn kommunen sin sjølvkost skal brukar betale kr 393,- pr. time.

Husleigetakstar for omsorgsbustadar:

Det er omsorgsbustadar i alle dei fire bygdelaga i kommunen. Bustadane har noko ulik standard og storleik, og husleigetakstane er difor differensierte.

Det er ynskjeleg at kommunen ikkje har høgare husleigetakstar enn at bebuarar med låg inntekt har igjen nok midlar til både praktisk bistand, andre tenester og eige underhald etter at bu-utgiftene er betalt. Det er lagt på 3,1% auke av satsane med unntak av husleiga på Solbakken.

BUSTAD	TYPE	LEIGE 2021	VARMEK 2021	SUM 2021	LEIGE 2022	VARMEK 2022	SUM 2022
Solbakken	enkel	4 706,-	396,-	5 102,-	4 706,-	408,-	5 114,-
Solbakken	dobbel	6 205,-	593,-	6 798,-	6 205,-	611,-	6 816,-
Liabygda	enkel	4 982,-	396,-	5 378,-	5 136,-	408,-	5 544,-
Liabygda	dobbel	6 570,-	593,-	7 163,-	6 774,-	611,-	7 385,-
Dalane		7 583,-	676,-	8 259,-	7 818,-	697,-	8 515,-

Egga		7 583,-	676,-	8 259,-	7 818,-	697,-	8 515,-
Geiranger	enkel	4.982,-	396,-	5.378,-	5.136,-	408,-	5 544,-
Geiranger	dobbel	6.570,-	593,-	7163,-	6.774,-	611,-	7 385,-
Sunnylven	liten	5 946,-	387,-	6 333,-	6 130,-	399,-	6 529,-
Sunnylven	enkel	7 583,-	658,-	8 241,-	7 818,-	678,-	8 496,-
Sunnylven	dobbel	7 583,-	658,-	8 241,-	7 818,-	678,-	8 496,-
Sunnylven	3OB	9 242,-	Eigen målar	9 242,-	9 529,-	Eigen målar	9 529,-
Nymarka		7 583,-	676,-	8 259,-	7 818,-	697,-	8 515,-

*Bebuarar i omsorgsbustadar på Sunnylven omsorgssenter betalar kr 241,- i straum /mnd.

*Bebuarar i omsorgsbustadar på Dalane/ Egga omsorgsbustadar betalar kr 292,- i straum /mnd

* Gjer merksam på at det kan kome endring i straumprisar i løpet av året. Dette vil bli varsla 1 mnd før.

*Viser til husleigekontrakt vedkomande oppseiing av husvære.

Andre tenester:

Prisauken er på deflator 3,1%

TENESTE	2021	2022
Diverse tenester (sengetøy, handdukar, klutar,klesvask, vaskemaskin og liknande)	794,- pr måned	819,- pr. måned.
Leige av tryggleiksalarm m/nøkkelboks	253,- pr. måned	261,- pr måned
Dagsenter inkludert måltid	135,- pr. dag	139,- pr. dag
Eigenandel skyss dagsenter	27,- pr. veg	28,- pr. veg
Middag m/dessert	96,- pr. dag	99,- pr. dag
Frukost	29,- pr. måltid	30,-pr måltid
kveldsmat	29,- pr. måltid	30,-pr måltid
Kaffe m/ kake	27,- pr. måltid	28,- pr måltid

Fullkost (inkludert alle måltid) Brukar kjøper frukt og anna mat utanom måltida.	159,- pr. dag	164,- pr. dag
Middagsombringing	96,- pr. måltid	99,- pr. måltid

Den som har middag må gi melding seinast 7 dagar før planlagt fråvær. Dette fordi produksjonskjøkkenet ligg i forkant av produksjon av mat.